

Helse Vest HRF
v/Direktør Ivar Eriksen

Fysioterapiavdelinga
Nordfjord Sjukehus
Helse Førde HF

”Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus”

Tilsvar frå Fysioterapiavdelinga ved Nordfjord sjukehus på utkast til mandat og organisering

Mandat

Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus er eit nasjonalt prosjekt, og må ha tilstrekkeleg finansiering for å kunne ha truverde og legitimitet, samt for å kunne lukkast. Rusposten vil i framtida vere ein del av Nordfjord psykiatrisenter (NPS). Ein har allereie klargjort eigna lokale ved NPS for aktiviteten, funksjonsplan er ferdig utarbeidd og det ligg føre oppdatert driftsbudsjett (ca. 20 mill årleg). Følgjeleg meiner vi at oppstart av rusposten ikkje kan seiast å vere ein sentral del av utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus. Det må vidare kome klart fram at rustilbodet ikkje skal finansierast av midlane ”Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus”.

Regjeringa har vedteke at anestesiberedskaper skal fortsette ved Nordfjord sjukehus. Det tilseier:

- Tilpassa akuttfunksjonar jfr. ”*Lokalsykehusenes akuttfunksjoner i en samlet behandlingsskjede*” – sluttrapport frå arbeidsgruppe leia av Bjørn Erikstein til HOD datert 19.02.2007.
- Prosjektet må ivareta intensjonane i Samhandlingsreforma, mellom anna utvikle eit lokalmedisinsk senter i tilknytning til Nordfjord sjukehus.

Organisering

Vi påpeikar at det må vere sterk lokal forankring i både Styringsgruppe og Prosjektgruppe. For at prosjektet skal kunne lukkast og ha nødvendig legitimitet føreset ein at arbeidsstad for prosjektleiar er forankra lokalt.

Nordfjord sjukehus, 18.06.2011
På vegne av tilsette ved Fysioterapiavdelinga Nordfjord Sjukehus

Geir Are Nedrelid
Einingsleiar Fysioterapiavdelinga Nordfjord Sjukehus